

Høyringsuttale – Felles sti- og løypeplan for Hardangervidda og Tiltaksplan for Hardangervidda villreinområde

Frå:

Dagfinn Damsgaard, allmenningsbrukar frå Ullensvang

Helikopterpilot med lang erfaring frå flyging på bla Hardangervidda

Familie med støl på Litlos

1. Hovudsynspunkt

Eg er sterkt ueinig i både innretning og begrunnelse for tiltaka i dei to planane:

- Felles sti- og løypeplan for Hardangervidda – Del 1
- Tiltaksplan for Hardangervidda villreinområde

Begge planane byggjer på ein del mangelfulle og delvis feilaktige premisser om villreinstamma, dens tilstand og reelle arealbruk. Dei føreslåtte tiltaka vil ikkje hjelpe villreinen i nemneverdig grad – men snarare skape nye problemer for både natur og lokalsamfunn. Planens arealbruk virkar meir som ein skriveborbrodøvelse/drømmetenking enn faktiske trekkruter og bruk

2. Feil og manglar i kunnskapsgrunnlaget

- a. Feil estimering og forvaltning av stammen

Villreinstammen på Hardangervidda har over fleire år vore feil estimert. Etter utbrotet av CWD (skrantesjuke) vart det sett inn sterke tiltak for å redusere smittefare – mellom anna gjennom hard jakt og målretta nedskyting. Dette har ført til at stammen no er på eit historisk lågmål, med alvorleg skeiv kjønns- og alderssamansetjing. Antall bukk og avlsdyr er kritisk lågt, noko som svekkjer både reproduksjon og genetisk mangfald.

CWD-handteringa er den klart viktigaste årsaka til at villreinstamma no er så redusert – ikkje ferdsel eller turisme. Likevel blir dette nesten ikkje omtalt i planane, som i staden legg hovudvekta på menneskeleg aktivitet som forklaring. Det gjev eit misvisande bilete av situasjonen og eit svakt grunnlag for vidare forvaltning.

- b. Feilaktige antakelsar om arealbruk og trekkruter

Planane legg til grunn at reinen skal bruke område nordvest på vidda som kalvings- og beiteområde. Faktum er at dette området ikkje har vore brukt sidan slutten av 1990-talet, sjølv om det har vore fritt tilgjengeleg. Reinen har i staden trekt sørover for å kalve. Dette viser at reinen ikkje vel beite etter kartteikn, men etter naturlege forhold som vær, snø og beite.

Det er også viktig å minnst at det på 1970-, 80- og 90-talet var betydelig meir ferdsel og

fleire turistar på Hardangervidda enn i dag – Samtidig var villreinstammen då langt større og meir livskraftig, og det var ingen vesentlege problem med åtferd eller trekk. Dette viser tydeleg at reinen toler menneskeleg aktivitet når stammen er robust, og at ferdsel åleine ikkje forklarar dagens utfordringar.

3. Erfaringar og faktiske observasjonar

Gjennom mange år på Hardangervidda har eg observert at:

- Villrein ofte følgjer merkede vinterløyper og går langs traseen – scooterspor er ingen barriere.
- Reinen reagerer til tider like mykje på helikopter som flyr høgt (3000 ft AGL) som på eit som går inn for landing.
- Når bestanden er liten og det er godt beite, held reinen seg i ro der de har beite. I år såg vi 31.mai 3 forstringsflokkar der den nye planlagte ruta tiltaksplanen skal gå. Her har det auka med dyr siste åra så det og flytta meir ferdsel i bortimort urært terreng er jo heilt uforståelig
- Ved merking flyg helikopteret ned mot 3 meter over dyra –under kalvetelling fyk helikoptert rundt dyra til fotografen er fornøyd-dette er ikkje omtalt i planane, sjølv om det gir langt større påverknad enn vanleg motorferdsel og er truleg den faktoren som gjør at dyra fryktar helikopter mye meir enn før.

Desse observasjonane står i sterk kontrast til planens påstandar om at allmenn ferdsel er hovudårsak til endra åtferd hjå villrein.

4. Helikopter kontra sjøfly og annan motorferdsel

Som pilot meiner eg planen viser manglande forståing for forskjellen mellom ulike luftbårne transportformer:

- Eit helikopter kan frakte opptil 1000 kg på longline, mot berre ca. 200 kg i korgar.
- Sjøfly flyr saktere, støyer meir og har lågare lastekapasitet.
- Fleire små turar med sjøfly for å erstatte helikopter gir meir samla støy og motorferdsel – ikkje mindre.
- Helikopterbruk regulerer seg sjølv gjennom høge kostnader – brukarane samarbeider for å effektivisere.

Helikopter er, når brukt rett, det mest effektive og skånsame transportmiddelet både for natur og dyreliv. Planen vel å framheve berre dei negative sidene, utan å nemne dette.

5. Jakt er den reelle reguleringsfaktoren

Villreinjakt er og har alltid vore den viktigaste reguleringsmekanismen for bestanden. Gjennom jakt forvaltar ein talet på dyr, kjønnsbalanse og uttak. Likevel er jakt nærmast utelate frå planane, medan «ferdsel» blir framstilt som hovudproblemet. Dette vitnar om svak fagleg forankring og manglande realitetsforståing.

6. Feilslutning: Å “styre” villrein med barrierar

Forvaltninga verkar å tru at ein kan påverke reinen gjennom fysiske og administrative barrierar – forbodssoner, stengte ruter og restriksjonar. Dette er ei feilslått tilnærming. Villrein let seg ikkje styre – dei følgjer naturlege signal som beitetilgang, snøforhold og tryggleik. Når bestanden er låg og beitet godt, vil reinen halde seg der han er. Å tru at dei vil endre åtferd på grunn av kartgrenser, er urealistisk.

Eg vil òg peike på at mykje av den aktiviteten som skjer på Hardangervidda i dag, er knytt til forvaltningsprosjekt, kartleggingar, planarbeid og ulike «tiltak» som har som føremål å betre forholda for villreinen. Det er etter kvart mange personar og organisasjonar som har sitt levebrød og inntekt frå denne typen prosjekt og forvaltningsarbeid. Dette gjer at det vert skapt eit sterkt driv for å utarbeide stadig nye tiltak og planprosjekt, uavhengig av om dei faktisk har positiv effekt for villreinen. I praksis kan dette føre til at ein held i gang eit system der ressursane går til planlegging og administrasjon – i staden for konkrete, målretta tiltak som byggjer opp stammen. Når ein ser på dagens villreinsituasjon, burde det vere eit tydeleg signal om at forvaltninga sjølv må evaluerast, ikkje berre brukarane av vidda.

7. Konklusjon og anbefalingar

Eg støttar målet om å ta vare på villreinen på Hardangervidda, men dei føreslåtte planane vil ikkje bidra til det. Dei byggjer på feil forutsetningar og ei misforståing av kva som faktisk påverkar villreinen.

Historisk erfaring viser at det på 70-, 80- og 90-talet var langt meir ferdsel og turisme enn i dag, utan at reinen vart uroa eller endra åtferd. Forskjellen er at reinen den gongen hadde ein sterk og livskraftig stamme. I dag er bestanden redusert som følgje av CWD-forvaltninga og overbeskatning, ikkje som resultat av ferdsel.

Så lenge stammen er svak og under oppbygging, vil den naturleg halde seg i dei områda der den kjenner seg trygg – men dette har lite å gjere med om det går ein merka sti eller ikkje.

Eg tilrår:

1. At begge planane blir sett på vent inntil ein ny fagleg gjennomgang av villreindata er gjennomført – inkludert reell bestandsstorleik, kjønnsbalanse og konsekvensane av CWD-forvaltninga.
2. At operative aktørar som ser reinen i felt (forvaltnig fjelloppsyn, jegerar, forskarar) blir inkludert i kunnskapsgrunnlaget.
3. At jakt, CWD-effektar og beitetilgang blir vurdert som hovudfaktorar for dagens situasjon – ikkje ferdsel.
4. At ein sluttar å prøve å “styre” villrein med kart og soner, og heller fokuserer på å bygge opp ei frisk og berekraftig stamme.

8. Avsluttande kommentar

Eg har stor respekt for forvaltningsarbeidet på Hardangervidda, men det må byggje på reell erfaring og naturkunnskap – ikkje på modellar og skrivebordsanalyse. Villreinen er ikkje trua av ei merka løype eller ein turgåar – men av feil forvaltning, cwd, jaktuttak og planlegging utan lokalkunnskap.

Med helsing,

Dagfinn Damsgaard

Ullensvang

Allmenningsbrukar og helikopterpilot